

Hordaland fylkeskommune
Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Knarvik, 19.03.2018

Kommentar til fråsegn til kommuneplan for Austrheim kommune – Arealdelen 2017 -2027

Regionrådet og Nordhordland Næringslag har eit Samarbeidsutval med representantar frå Regionrådet og Nordhordland Næringslag. Der tek me opp saker som er aktuelle for begge organisasjonane. På møte fredag 16.03.18 vart næringsareal i regionen drøfta.

Me viser til Hordaland Fylkeskommune sin fråsegn til kommuneplanen for Austrheim kommune – arkiv nr 2016/4091-31.

For at næringslivet i Nordhordland skal kunne utvikle seg framover er det viktig med god tilrettelegging av næringsareal som er attraktive for næringslivet. Dette er også noko fylket er opptatt av i sin næringsstrategi der det mellom anna er eit mål og auke næringsarealreserven i fylket.

Alle erfaring tilseier at har ein kommune regulert areal for næringsverksemd så er det eit viktig grunnlag for å skape arbeidsplassar. Er arealet i tillegg kopla opp i mot sjøtilgang er det enda meir attraktivt å etablera seg.

Regionen er inn ein endringsfase og har ein tydeleg oljerelatert aktivitet og det vil vere viktig å skape nye arbeidsplassar innan andre næringar. Regionen har hatt ein negativ utvikling i tal arbeidsplassar dei siste åra. Det viktigaste som kommunane kan gjere i sitt næringsarbeid er å legge til rette for gode næringsareal som kan snu den utviklinga.

Samarbeidsutvalet ser det difor som svært viktig at Øksnesmarka vert oppretthaldt som eit næringsareal i Austrheim kommune sin kommuneplan.

Med venleg helsing



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingselskap IKS



Svein M Nordvik
Daglig leder
Nordhordland Næringslag

Kopi: Regionrådet i Nordhordland